



Hans Kristoffer Kahrs
Mulevegen 98
5947 Fedje

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/15 - 23/5151

Sakshandsamar:
Kristin Handeland
kristin.handeland@fedje.kommune.no

Dato:
19.10.2023

Svar på søknad om skjenkeløyve 25.11.2023

Administrativt vedtak. Saknr: 042/23

Saksutgreiing:

Me syner til søknad motteke 17.10.2023.

De har søkt om ambulerande skjenkeløyve. Etter kommunen si meining stetta ikkje søknaden krava til ambulerande skjenkeløyve, søknaden stetta krava til søknad om einskildhøve skjenkeløyve.

Med heimel i alkohollova, og etter delegert fullmakt fatta av kommunestyret i sak 069/20, vert det gjeve einskildhøve skjenkeløyve til Vesttun Bygdelag.

Løyvehavar er Vesttun Bygdelag.

Styrar for løyvet er Oddny Stokholm.

Avløyssar for løyvet er Hans Kristoffer Kahrs.

Skjenketida for alkohol i gruppe I,II, og III er sett frå klokka 1800 til klokka 0200.

Utskjenka alkohol skal vera konsumert innan ein halvtime etter at skjenketida er slutt.

Løyvet gjeld «innomhus» i Vesttun Bygdelag sine lokale

Utskjenka alkohol skal ikkje takast med ut av Vesttun Bygdelag sine lokale.

Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at reglane i alkohollova og forskrifta til alkohollova vert fylgde

Aldersgrense for løyvet er sett til 18 år.

Løyvehavar kan fastsetja anna aldersgrense for arrangementet om løyvehavar ynskjer det.

Søknaden har vore til uttale hjå politiet, politiet har ingen merknadar til søknaden.

Det skal vera tilgang av alkoholfri drikke.

Gebyr: 800,-kr.

Vedtak

Vesttun bygdelag får einskildhøve skjenkeløyve for alkoholgruppe I,II og III.

Vesttun bygdelag har løyve frå klokka 1800 til klokka 0200 laurdag 25.11.2023.
Styrrar for løyvet er Oddny Stokholm.
Avløysar for løyvet er Hans Kristoffer Kahrs.

Med helsing

Kristin Handeland
Leiar fellestenester/kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hans Kristoffer Kahrs	Mulevegen 98	5947	Fedje
Oddny Kristin Stokholm	Olav Nygards Veg	0688	Oslo
	55		
Vesttun Bygdelag	c/o Hans Kahrs	5947	Fedje
	Mulevegen 98		